



[Mange les om 17.mai her på nettsida.](#)

**Svært mange har vore inne på uskedalen.no og lese sakene som vart presentert i går. No kl. 08.30, har akkurat 3210 lesarar vore inne på sida dei siste 24 timane. Så høge tal har vi ikkje opplevd tidlegare. Det er ikkje tvil om at dekkinga av gudstenesta er det som trekkjer tala mest opp, men god dekking elles der lesarane m.a. set stor pris på talen til unge Solveig Haugland, er medverkande.**

Om vi ser på statistikken vart det registrert 2930 lesarar før nasjonaldagen var slutt. Dette er det høgaste talet som vi finn registrert. Dei høgaste lesartala på ein dato har tidlegare vore knytta til Festidalen og til ulukker. Høgste registrerte tal under Festidalen var 2706 i 2013. I timen mellom kl.21 og 22 var det 589 lesarar og timen etter var det 544. Dette er usedvanleg høgt.

Tala i går viser at litt over 1000 lesarar kom inn via delingar av ulike saker på facebook.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland